

Lokal plan for diakoni



DEN NORSKE KYRKJA
Nord-Fron kyrkjelege fellesråd

Versjon: 11. November 2025

Bakgrunn og utgangspunkt for det diakonale arbeidet i Nord-Fron

Den norske kyrkja (2020) sin Plan for diakoni, som er grunnlaget for den lokale planen, seier i sin visjon: *Guds kjærleik til alle menneske og alt det skapte, verkeleggjord gjennom liv og teneste.*

Etter kartlegging i lokalsamfunnet kjem det frem nokre målgrupper som vi ønskjer å nå ut til med diakonal teneste. Å møte individet og lokalmiljøet sitt behov skal gi retning for det diakonale arbeidet ved utforming, val og prioriteringar. Målgruppene er knytt til *Sundheim Bo- og treningscenter*, nye innbyggjarar, tenester for brukarar med nedsett funksjonsevne (Tilrettelagte tenester i Nord-Fron kommune), samt enkeltindivid og individ i livet sin siste fase med pårørande. Vi ønskjer òg å ta vare på og verne om miljøet og kulturarven vår. Lokale aktørar som vi er i kontakt med er Elvekanten aktivitetshus, Frivilligsentralen og Nord-Fron kommune.

Dokumentet er ikkje utfyllande når det gjeld kartlegging eller aktivitetar/tiltak. Lokal plan for diakoni skal vere eit dynamisk dokument som legg vekt på omstilling og tilpassing til endringar som skjer, planlagde eller upårekna.

I denne planen er det fire overordna arbeidsmål. Desse arbeidsmåla tek utgangspunkt i Plan for diakoni (Den norske kyrkje, 2020), sine fire verksemdområder; nestekjærleik, inkluderande fellesskap, kampen for rettferd, og vern om skaparverket.



Beskriving av verksemdsområda

1. Nestekjærleik

Nestekjærleik i praksis handlar både om små, enkle handlingar og om store, krevjande tiltak. Nestekjærleik kan utøvast praktisk mellom anna ved å tilby rom for kvile og samtale, forkynne og løfte menneskeverdet og førebyggje vald.

2. Inkluderande fellesskap

Vi er skapte for fellesskap. Å styrkje band mellom folk og knyte nye der forhold er øydelagde, er ei diakonal utfordring. I gode fellesskap er det rom for å yte og ta imot, og det er plass til mangfaldet

3. Kamp for rettferd

Kyrkja er kalla til å utfordre urett og maktmisbruk. Kyrkja må kjempe for rettferd og solidaritet saman med dei som er ramma av fattigdom og urett.

4. Vern om skaparverket

Det er mange måtar å auke livskvaliteten på og samtidig minske klimafotavtrykket. «Grøn kyrkjelyd» er eit av mange tiltak.

**Handlingsplan/aktivitetsplan****1. Nestekjærleik**

Kva	Korleis	Med kven	Når	Ansvarleg
Våketeneste	Vere med å ivareta lindrande omsorg for den sjuke døyande og pårørande i livet sin siste fase. Vera tilstade nærverande, samtale, lytte, roe, halde i handa, avlaste og støtte pårørande.	Fortrinnsvis frivillige med helsebakgrunn.	På etterspørsel	Leiar i diakoniutvalet og Diakon
Besøkteneste og/eller handleteneste	Besøke menneske der dei bur - for kontakt og samvær	Frivillige	Fortløpande etter individuell samtale. Etter initiativ frå dei sjølve eller pårørande	Diakon
Leseven	Lese på Sundheim og for folk som ikkje kan lese sjølve	Frivillige og frivillige frå Frivilligsentralen.	1 gong i uka (rullerer på 4 avdelingar på Sundheim). Avdeling Vest, Avd. Øst, og Sundtunet.	Diakon
Frivilligheitsfest	Fest for å feire dei frivillige og den innsatsen dei gjer. Stille med mat, servering og underhaldning.	Frivillige	1 gang i året.	Diakon, kyrkjelydspedagog
Soknebod	Tilbod om individuell nattverd i eige heim eller på behandlingsstad	Etter avtale og førespurnad frå enkeltpersonar eller pårørande.	Fortløpande ved behov	Prest, diakon
Lage opp oppdatere informasjonsbrosjyre som viser kyrkja sine diakonale tilbod.	Sjå kva andre aktørar har gjort og utforme brosjyre med relevante kontaktpersonar i kyrkja.	Diakoniutval	Når det trengs å bli oppdatert.	Diakon



2. Inkluderande fellesskap

Kva	Korleis	Med kven	Når	Ansvarleg
Synleggjering	Bruke telefon, lage plakatar, bruke Facebook og kyrkja si nettside	Kyrkjeverje, kyrkjelydspedagog, frivillige, prester	Fortløpande	Diakon, kyrkjelydspedagog
Andakter på Sundheim Bo- og treningssenter	Halde andakter med for bebuarar og pasientar	Kyrkjemusikar, organist, vikarar, frivillige	Kvar onsdag. Andaktene er kvar veke, og på avdelingar, der dei rullerer; avdeling øst og vest, og avdeling for bebuarar med demens.	Diakon, prest
Vaffeldag	Invitere folk inn på kyrkjekontoret	Sekretær	På vekedagar	Kyrkjeverje
Kyrkjekaffi	Invitere til kaffe etter gudsteneste	Kyrkjelyden	I samband med gudsteneste	Sokneråda
Markering av 50-, 60-, 70-, og 80-års (ev. 90-års) konfirmantar	Legge til rette for at tidlegare konfirmantar kan treffast, og markere jubileum.	Kyrkjekontor	Årleg	Sokneråda
Universell utforming i kyrkjebygga	Legget til rette for personar med nedsett beveging, syn og høyrsel (salmebøker og program med stor skrift)		Fortløpande	Kyrkjeverje, kyrkjetenar
Inkludere nye innbyggjarar.	Å tilby samtaler, og gje skyss til nye innbyggjarar. Lage arrangement. Lån av hus og bygg	Diakoniutval, Prest og frivillige	Ettersom at nye innbyggjarar viser ynskje om å bli inkludert.	Diakon Kyrkjeverje
Inkludere mottakarar frå Tilrettelagte tenester.	Song- og musikkksamling (varigheit: omlag 1 time)	Frivillige	2-3- gonger i halvåret	Diakon
Open kyrkje	Opne kyrkja på vekedag for lystenning, ettertanke og stillheit/musikkmeditasjon. Ev. moglegheit for å ta seg ein kaffikopp.	Kyrkjevært, sokneråd Kyrkjemusikar (øver i kyrkja frå kl. 1200-1300)	Torsdag, oddetalsveker i Kvam og partalsveker i Sødorp kyrkje. Tidspunkt frå kl. 12:00-14:00.	Kyrkjeverje og kyrkjetenar



3. Kamp for rettferd

Kva	Korleis	Med kven	Når	Ansvarleg
Undervise / informere konfirmantar om diakoni	Undervisning som ein del av konfirmantundervisninga	Diakon	Kan holdast i samanheng med fasteaksjonens inspirasjonssamling	Prest
Matutdeling	Arrangere matutdeling i bygda.	Matsentralen, frivillige, andre lokale aktørar.	1 gong i månaden. Ikkje i juli	Diakon
Utlån av dåpskjole til familiar med dåpsbarn.	Vi set familiar i kontakt med andre kyrkjer eller høyrer med personar som kan hjelpe til med dette.	Andre kyrkjer eller personar som kan skaffa dette.	Ved behov	Kyrkjekontoret
Utlån av bunad til konfirmantar	Vi set familiar i kontakt andre kyrkjer eller høyrer med personar som kan hjelpe til med dette.	Andre kyrkjer eller personar som kan skaffa dette.	Ved behov	Kyrkjekontoret
Fasteaksjonen til Kirkens nødhjelp	Innsamlingsarbeid med bøsser.	Konfirmantar	Årleg	Prest og diakon
Offergåver	Prioritere mottakarar som fremmer solidaritet	Prest (kunngjer)	Gudstenester	Sokneråda

4. Vern om skaparverket

Kva	Korleis	Med kven	Når	Ansvarleg
Energispareiltak	Prioritere energispareiltak når det er mogleg knytt til ljøs og varme	Kyrkjetenar	Gjennomgåande	Kyrkjeverje
Grøn diakoni	Samle inn lysstompar i kyrkjene til NOA (arbeids- og aktivitetssenter med tilrettelagte arbeidsplassar) sin verksamdheit.		Ettersom behaldninga vert full.	Kyrkjetenar

Stab, diakoniutvalet, sokneråd og diakon, Per Øyvind Fredin har utarbeida og revidert denne lokale planen for diakoni for Nord-Fron kyrkjelege fellesråd.

Diakoniutvalets medlemmer

- Per Arne Vesteraas, leiar i utvalet og representant frå Kvikne sokn
- Astri Sjøberg, representant frå Sjødorp sokn
- Anne Ragnhild Korsvold Saglien, representant frå Kvam sokn
- Laila Risdal, representant frå Skåbu sokn

Lokal plan for diakoni for Nord-Fron kyrkjelege fellesråd er vedtatt av og revidert av

Nord-Fron kyrkjelege fellesråd

Dato: 11. november 2025